

Alver kommune Plan og byggesak  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser: Dykkar: f95f1c73-d65f-455d-9936-3516afef6b8  
Vår: 21/8329 - 21/70609

Saksbehandlar: Marte Hagen Eriksrud  
marte.hagen.eriksrud@alver.kommune.no

Dato: 25.10.2021

## **Uttale til søknad om dispensasjon - gbnr 108/161 Lindås**

Eining for Plan og analyse har den 27. september 2021 motteke dykkar førespurnad om planfagleg uttale for søknad om dispensasjon på eigedomen gbnr 108/161.

### **Bakgrunn**

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå kommunedelplan for Lindås 2019-2031. Det er søkt om dispensasjon frå krav om områderegulering, jf. KDP pkt. 2.2.2 ettersom omsøkt område B1 ligg innanfor gjennomføringssone H810\_2. Det er og søkt om dispensasjon frå arealføremålet grønnstruktur, ettersom dei ynskjer å nytte område til bustadføremål.

### **Planfagleg uttale**

Områdeplan for Lindås er ikkje ein del av planstrategien for Alver kommune, og gjennomføring av ein områdeplan for Lindås ligger langt fram i tid. Søknad om dispensasjon frå krav om områderegulering er difor vurdert som tilrådleg.

Dispensasjon frå arealføremålet grøntstruktur er søkt om for å kunne flytte lokaliseringa av bygg til vestsida av kollen. Kollen vart teke vare på i avgrensing av bustadområdet i KPA Lindås, og plan og analyse vurderer at ein bør halde på denne avgrensinga. Kollen er markant og bratt i vest, utbygging av bustad i framkant av kollen vil medføre store terrengeinngrep, dette går også fram av illustrasjonen som ligg i dispensasjonssøknaden. Bygging i framkant av kollen vert meir eksponert mot postvegen og grøntdraget/senterområdet, enn om eigedommen vert utvikla innanfor avgrensinga avsett i KPA Lindås.

### **Tilråding**

Plan og analyse rår på bakgrunn av ovannemnde i til at det vert gjeve dispensasjon frå krav om områderegulering, jf. føresegnt punkt 2.2.2. Område med krav til områderegulering.

Plan og analyse rår på bakgrunn av ovannemnde ifrå at det vert gjeve dispensasjon frå arealføremålet grønnstruktur.

### **Alver kommune**

Postboks 4, 5906 Frekhaug  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no  
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559  
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Med helsing  
Alver kommune, Plan og analyse

Marte Hagen Eriksrud  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Alver kommune Plan og byggesak      Postboks 4      5906      FREKHAUG